

# Strategi 2020

---

## Forord

Distriktssenteret sin Strategi 2020 skal vere eit praktisk verktøy til inspirasjon i vårt daglege arbeid.

**Strategi 2020** skal sikre oss god retning og måloppnåing. På den måten kan lokalt utviklingsarbeid i kommunar og regionar i endå større grad lykkast som resultat av at vår kunnskap blir teken i bruk. Strategi 2020 inneheld ein målplakat og tre satsingsområde som grunnlag for årlege handlingsplanar med konkrete tiltak og budsjett.

**Målplakaten** skal gje eit klart bilete av kven vi er, kva mål vi har sett oss, kven vi er til for og kva som er våre grunnleggande verdiar.

**Satsingsområda** definerer dei vala vi gjer for å nå måla. Satsingsområda skal vere konkrete nok til at dei gir reelle prioriteringar, og generelle nok til at vi kan møte endringar i rammevilkåra.

Strategi 2020 byggjer vidare på tidlegare strategiarbeid i Distriktssenteret. Utvikling av Distriktssenteret som kunnskapsbase skal vere ei viktig rettesnor fram mot 2020.

Måla i Strategi 2020 er brukarorienterte og skal vise kva posisjon vi ønskjer å ha i 2020.

Vi legg stor vekt på at Distriktssenteret sine tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne møte brukarane sine behov. Strategi 2020 skal difor bidra til at Distriktssenteret også i framtida er ein attraktiv arbeidsplass som rekrutterer og held på dyktige medarbeidarar.

Strategi 2020 vil bli følgt opp gjennom mellom anna årlege utviklingssamtalar for alle tilsette, handlingsplan, kompetanseplan, kommunikasjonsstrategi, personalsamlingar og gjennom strategisk leiing. Å arbeide med måloppnåing i strategien er eit generelt ansvar for heile organisasjonen og spesielt ansvar for leiargruppa.

Strategi 2020 trer i kraft 1. januar 2016 og gjeld i fem år framover.

## Målplakat

---

### Samfunnsoppdrag

Distriktssenteret er et nasjonalt kompetansesenter. Vi leverer kunnskap som gir meirverdi i kommunar og regionar sitt arbeid med å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn.

### Visjon

Pådrivar for kunnskapsbasert og framtidsretta lokal samfunnsutvikling.

### Mål

- Kommunane blir betre samfunnsutviklarar gjennom å bruke kunnskap frå Distriktssenteret.
- Våre tydelege råd til nasjonale styresmakter blir nytta i politikktutforming.
- Vi er ein framtidsretta kunnskapsorganisasjon med nøgde brukarar og tilsette.

### Målgrupper

Kommunar og regionar skal få tilgang til den kunnskapen dei treng for å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn. Vi prioriterer våre ressursar inn mot små og mellomstore kommunar som aktivt arbeider for å utvikle attraktivitet og styrke eigen utviklingskapasitet gjennom lokalt og regionalt samarbeid.

Nasjonale styremakter skal få kunnskap dei kan bruke for å utvikle distrikts- og regionalpolitikken. Vi legg vekt på at kunnskapen byggjer på erfaring frå aktiviteten i kommunane og kontakt med forskingsmiljø.

### Samarbeidspartar

Vi samarbeider med fylkeskommunane for i størst mogleg grad å tilpasse tilbodet vårt til ulike kommunar og regionar sine føresetnader.

Vi samarbeider med aktørar som arbeider med eller byggjer kunnskap som har innverknad på lokal og regional utvikling, t.d. fylkesmenn, forskingsmiljø, KS, Husbanken, IMDi.

### Verdiar

#### Folkeleg - Kompetent - Engasjert

- Vi møter menneske med respekt.
- Vi er fagleg solide.
- Vi er relevante og truverdige.
- Vi er entusiastiske og skaper begeistring.
- Vi er interesserte og inkluderande.
- Vi tør å utfordre.

## Satsingsområde

### Kunnskap for betre samfunnsutvikling

Vi er eit naturleg kontaktpunkt for regionale og lokale utviklingsaktørar i heile landet. Dette gir oss ein unik moglegheit til å bygge kompetanse om samfunnsutvikling gjennom å kople erfarings- og forskingsbasert kunnskap. Vi har styrka og vidareutvikla vår kjernekompetanse om lokal samfunnsutvikling gjennom å utnytte medarbeidarane sin særlege kunnskap om fagområde, metodar for prosessarbeid, kunnskapsutvikling, nettverk og formidling.

#### *Dette skal vi gjere gjennom*

- kunnskap som bygger opp under:
  - **prosessar i utviklingsarbeid** med vekt på regionalt samspel og utviklingskapasitet.
  - **attraktivitet** med vekt på attraktive bumiljø og attraktive næringsmiljø.
- gode arbeidsformer og metodar for systematisk kunnskapsbygging

#### *Vi er pådrivar gjennom at vi*

- bidreg til å sette dagsorden og utfordrar kommunar og regionar til å dele kunnskap og erfaringar.
- utvikler praktiske verktøy som blir brukt av utviklingsaktørane.
- utvikler kunnskap som blir framsnakka av nasjonale styresmakter.

#### *Vi er kunnskapsbaserte gjennom at vi*

- hentar det beste ut av dei tilsette sin spisskompetanse.
- har god oversikt over og tek i bruk relevant forskning.
- er tett nok på det praktiske arbeidet til å dokumentere og vidareutvikle erfaringsbasert kunnskap.
- har kapasitet og kompetanse for systematisk arbeid med dokumentasjon, samanstilling og analyse.
- tek initiativ til og deltek i relevante kunnskapsnettverk.
- har gode rammeverk og arbeidsformer for dokumentasjon og samanstilling av erfaringsbasert og forskingsbasert kunnskap.

#### *Vi er framtidsretta gjennom at vi*

- gjer langsiktige strategiske vurderingar ut over årlege handlingsplanar når vi prioriterar ny kunnskapsutvikling
- forstår korleis strukturendringar og nye næringer har innverknad på den lokale samfunnsutviklinga.
- er systematiske nok til å identifisere framtidige behov og utviklingstrekk.

## Satsingsområde

### Kunnskap som blir tatt i bruk

Kunnskapen vår er lett tilgjengelig for utviklingsaktørane, lett å dele og lett å overføre til praktisk bruk. Nasjonale styresmakter gjer seg nytte av kunnskapen vår i politikktutforminga.

#### *Dette skal vi gjere gjennom*

- å bruke kunnskapen vår til tydelege råd og meiningar om prosessar, arbeidsformer og utvikling.
- aktivt arbeid med formidling i alle fasar av kunnskapsutviklinga.
- tilpassa og målretta formidling.
- kommunikasjon som bidreg til marknadsføring av Distriktssenteret som nasjonalt kunnskapscenter.

#### *Vi er pådrivar gjennom at vi*

- gir utviklingsaktørane rettleiing og verktøy som er tilpassa deira behov.
- gir nasjonale styresmaktert kunnskap til bruk i arbeid med politikktutforming.
- tilbyr rett kunnskap til rett tid.
- har god og tett kontakt med brukarane utan at kontakten treng vere fysisk.
- er proaktive og utfordrar utviklingsaktørane om forankring, mål og utviklingskapasitet
- arbeidar for at kommunar og regionar nyttar staduavhengig teknologi.

#### *Vi er kunnskapsbaserte gjennom at vi*

- nyttar eksisterande kunnskap gjennom oppfølging og aktiv formidling.
- brukar samarbeidet med fylkeskommunane til å sikre tilpassa kunnskapsutvikling og formidling.
- brukar fylkeskontaktrolla for å sikre at kunnskapsutvikling, rettleiing og formidling er tilpassa lokale og regionale behov.
- tilpassar kommunikasjon og kunnskapsformidling til brukarane sine behov, på eit godt språk, i relevante kanalar.

#### *Vi er framtidsretta gjennom at vi*

- brukar moderne formidlingsformer og er opne for å formidle gjennom andre.
- koplar utviklingsaktørar som vil ha nytte av å vere i same nettverk.
- er oppdaterte på framtidige utviklingstrekk og behov.

## Satsingsområde

---

### Framtidsretta kunnskapsorganisasjon

Vi er ein lærande organisasjon der vi legg vekt på kunnskapsutvikling, kunnskapsdeling og evne til forbetring av eigne arbeidsformer.

#### *Dette skal vi gjere gjennom*

- strategisk personalleiing med tydeleg arbeidsdeling og prioritering.
- langsiktig utvikling av dei tilsette sin kunnskap i tråd med våre satsingsområde og tydelege kompetansekrav.
- systematisk brukar- og sjølvevaluering.
- god utnytting av medarbeidarane sin spisskompetanse.
- kapasitet og kompetanse for systematisk arbeid med dokumentasjon, samanstilling og analyse.
- ei sterk fylkeskontaktrulle som er tilpassa regionale behov.
- god bruk av analoge og digitale verktøy.
- intern kommunikasjon som legg til rette for ein open og inkluderande organisasjonskultur, godt arbeidsmiljø og aktiv kunnskapsdeling.

#### *Vi er pådrivar gjennom at vi*

- motiverer tilsette til kunnskapsutvikling og -deling
- er eit sterkt fagmiljø med påvirkningskraft og god kultur for intern kunnskapsdeling

#### *Vi er kunnskapsbaserte gjennom at vi*

- har ein tydleg felles kjernekompetanse forankra i ein fagleg plattform
- prioriterer kompetanseutvikling innafor utvalde fagområde og metodar.
- arbeider systematisk med dokumentasjon, samanstilling av kunnskap og evaluering av tiltak og program basert på mål og resultatkjeda
- spissar og vidareutviklar dei tilsette sin kompetanse.

#### *Vi er framtidsretta gjennom at vi*

- tar i bruk nye verktøy og metodar som er effektive.
- er systematiske nok til å identifisere framtidige behov og utviklingstrekk.
- har gode rammeverk og arbeidsformer for dokumentasjon og samanstilling av kunnskap.
- gir innspel til politikkkutforming både på eige initiativ og etter førespurnad.